



Gustav Kolås  
Veråsvegen 38  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5127 - 14/15654

Saksbehandlar:  
Tommy Veland  
TVE@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2014

## Grensegang - gbnr 108/1 Lindås

Viser til Dykkar brev av 20.05.2014, der De meiner det er avvik i forhold til grensene til Dykkar tomt og nabotomten G.nr.108 B.nr.597 tilhøyrende Sven Grov og Gerd Grov Skutle.

I delingsaka, sak 261/04, vedteke 04.07.04 er det gjort følgjande vedtak :

*I samsvar med kommuneplanen, og med heimel i plan- og bygningslova § 93 jfr. § 63, godkjenner avdelingsjefen søknaden om deling på følgjande vilkår:*

*Kommunen skal avgjerda grensene for tomten.*

Nils Lygre som var Statskog sin representant, rekvirerte kart- og delingsforretning 25.05.2004, og på kartforretninga vart det bestemt kvar grensene skulle gå. Grensene mot vegen, nord og nord-aust vart kontrollert av undertekna, Tommy Veland 07.03.2014, og stemmer med matrikkelbrevet. I nordre hjørna er gjerdestolpen sett ned i grensepunktet. Arealet stemmer også med Dykkar målebrev og arealet oppgjeve i matrikkelen.

Ny grenseoppgang vil verta gebyrbelagt etter Gebyrregulativet for 2014 og vil etter pkt. 13.4.1 koste kr. 6.100.-. Det kjem ikkje fram noko som seier at resultatet vert annleis ved ny oppmåling.

Kommunen avviser dermed klagen, og meiner kartforretninga er gjort etter vedtaket frå 04.07.04.

Med helsing

Tommy Veland  
Fagleiar Geodata

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

